

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

**Avdeling for
Kultur, idrett og inkludering (KII)**

Dato	07.04.2022
Vår referanse	2022/38684-2
Dykkar referanse	22/425 - 22/18608
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjon - tilbygg til driftsbygg - gnr. 171 bnr. 5 - Seim - Alver kommune

Viser til brev datert 06.03.2022 og stadfesta utsett frist datert 25.03.22. Søknaden gjeld etablering av tilbygg til driftsbygning på Seim. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Gjeldande planar

Eigedomen ligg innanfor reguleringsplan for Seim Kyrkjegard og Håkonshaugen Amfi, vist som B3 og SP15. Delar av eigedomen er i KPA for Lindås vist innanfor omsynssone H570 og H730.

Reguleringsplan for Seim Kyrkjegard og Håkonshaugen Amfi

Følgande føresegn gjeld for området der tilbygg er vist:

- § 3.3 Område B3

Området skal nyttast til eksisterande bygningar. Dersom eksisterande løebygning vertreve ned kan det ikke byggast opp igjen på sama staden. Dersom eksisterande bustadhus verdt nedrevet kan det byggjast opp igjen på same staden. Ved eventuell oppbygging av bygningar skal det ved utforming takast omsyn til nærlieken mot Middelalderkyrkjegarden. Det vert sett krav om at det ved utarbeidning av plan for eventuelle nybygg skal nyttast arkitektfagleg ekspertise.

Følgjande føresegn gjeld i nærområdet til tilbygget:

- § 6.1.2 Område SP2

Området Middelalderkyrkjegarden på gnr. 171, bnr. 5 er freda som forminne etter kulturminnelova. Området handsamast som historisk minnesmerke. Eigarskål til ei kvar tid søker å ha naudsynt vedlikehald på området. Alle inngrep i bakken er forbode utan etter søknad om dispensasjon fra kulturminnelova jf. § 8, 1. ledd. Dette omfattar og for eksempel planting av tre, bakkeplanering eller oppfylling, og skifte av markdekke. Det er på same vis forbode å gjere inngrep i steinmuren.

- § 6.2.1 Område SP3

Området nord for Middelalderkyrkjegarden på gnr. 171, bnr. 5 vert verma som spesialområde etter plan og bygningslova. Området er del av eit heilskapleg historisk kyrkjegardsområde. Området handsamast som historisk minnesmerke. Eigarskål til ei kvar tid søker å ha naudsynt vedlikehald på området. Alle inngrep i bakken er forbode utan etter søknad om dispensasjon fra kulturminnelova jf. § 8, 1 ledd. Dette omfattar og for eksempel planting av tre, bakkeplanering eller oppfylling, og skifte av markdekke. Det er på same vis forbode å gjere inngrep i steinmuren.

- § 6.2.3 Område SP5

Område vest for middelalderkyrkjegarden på gnr. 171, bnr. 5 vert verna som spesialområde etter plan- og bygningslova. Område er del av eit historisk område, middelaldertun. Området kan nyttast til jordbruksverksemd. Alle inngrep i bakken er forbode utan etter søknad om dispensasjon frå kulturminnelova jf. § 8.1 ledd. Dette omfattar og for eksempel planting av tre, bakkeplanering eller oppfylling, og skifte av markdekke.

Kommuneplanen sin arealdel 2019 -2031

I kommuneplanen sin arealdel (KPA) ligg delar av eigedomen innanfor omsynssone H570 omsyn kulturmiljø og kulturminner og H730 bandlegging etter lov om kulturminne.

Følgjande føresegns er knytt til omsynssone H570 under § 4.2.4, a): «Heile det historiske veganleget Den Trondhjemske postvei innanfor område H570 skal bevarast, dvs. vegbane og vegbreidde. Tiltak som kan gjere skade på postvegen, endra vegen sin karakter eller som utilbørleg skjemmer kulturminnet er ikkje tillat med mindre det ligg føre løyve frå Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen».

Vidare er dei automatisk freda kulturminna med tilhøyrande omsynssone vist innafor område H730. Følgjande føresegns er knytt til omsynssona under § 4.3.3: «Automatisk freda kulturminne vist som omsynssone d) (SOSI-kode H730) er bandlagt etter kulturminnelova. Det er ikkje tillate å sette i gong tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei automatisk freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Hordaland fylkeskommune, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.

Dei mellomalderske kyrkjegardane Lindås, Myking og Seim er automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegardane er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.

Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova».

Kulturmin nefagleg vurdering

Det er kjente automatisk freda kulturminne og andre verneverdige kulturminne i nærområdet til det aktuelle arealet. Tiltaket gjeld oppføring av tilbygg innanfor omsynssona til den Trondhjemske postvei og nær dei automatisk freda kulturminna. Vegfaret der postvegen gjennom Seim ligg i dag, er truleg førhistorisk. Då det ligg fleire automatisk freda kulturminne i tilknyting til denne. Dette er mellomalder, mellomalderkyrkjegard og fleire førhistoriske gravminne. Det var vanleg å legge gravminne ved viktige ferdsselsårer, samt kyrkjegardar i ved framståande gardar. Det er sjeldan at ein ser såpass intakte kulturmiljø som på Seim, der enkeltninna står fram og er lesbare som del av eit heilskapleg kulturmiljø.

Automatisk freda mellomalder, Askeladden id. 214930

Lokaliteten representerer eit busettingsområde med dateringar til vikingtid og mellomalder som kan knytast til den gamle kongsgarden på Seim (Iversen, F., 2002, Nye arkeologiske undersøkelser på Kongsgården Seim i Nordhordland – på sporet av en indre omorganisering i vikingtid). Mot nordaust avgrenses id 214930 av en steinmur som markerer grensen til middelalderkirkegården id 14416.

Automatisk freda mellomalderkyrkjegard med Askeladden id. 144416

Seim gamle kyrkjested er bygd i tilknyting til det førhistoriske gardstunet på Seim. Nåverande kyrke er bygd 1878 og står i skilet mellom Seim og Hopland, om lag 500 m nordnordvest for kyrkjesteden frå mellomalder. Den gamle kyrkjesteden ligg no som nedlagt kyrkjegard, men var i bruk som kyrkjegard fram til 1888. Mellomalderkyrkja var truleg ei stavbygning. Det er uvisst kor mellomalderkyrkja sto, men det er naturleg å tro at den har stått i nær tilknyting til kyrkjegarden.

Den Trondhjemske postveg

Eit strekk av den Trondhjemske postveg går gjennom mellomalderetunet og ved mellomalderkyrkjegarden. Dette er eit strekk som i dag er svært synleg i opphavlege form. Fylkeskommunen var med då delar av strekket tilknytt tunet vart tilbakeført i 2021. Den opphavlege oppbygginga av postvegen med kantsett stein blei då påvist. Noko som er sjeldan, då store delar av postvegen i dag er opparbeidd til meir moderne vegstrekk.

Vi ser det som svært positivt at drifta held fram og ivaretok det karakteristiske kulturlandskapet på staden. Men det er naudsynt at ein legg grunnlag for ei drift som også tek omsyn til dei viktige kulturminneverdiane i tunet og nærområdet.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune kan godta omsøkte tilbygg på vilkår om at ein etablerar inngang i sør. Vi har tidlegare i prosessen påpeikt at det ideelle hadde vore at ein hadde løyst behovet i eksisterande bygningsmasse. Då i del av løa som har utgang til marka i kortsia mot sør, eller i eksisterande tilbygg langs langsida i vest. Del av postvegen som blei reetablert i 2021 må attsåast slik at vegetasjonsdekke blir reetablert på staden. Ein må unngå intensiv drift på postvegen. For å unngå intensivt dyreratråkk og køyring på postvegen ber vi om at inngangen løysast i sør. Eksisterande forstasjon må flyttas ut av traseen, slik at ein unngår forrestar og samling av dyr, som gir økt press på vegen. Om det er mogleg ber vi om at ein ikkje fjernar treet som står ved løa.

Vi vil til sist påpeke at i saker som gjeld postvegen er vår praksis at nye tiltak bør etablerast utanfor omsynssona. Spesielt gjeld dette der postvegen er intakt. Men vi fråviker denne praksisen, då vi ser at tiltaket er viktig for drifta.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik

leiar

KII - Arealplan (Førde)

Sigrun Wølstad

seniorrådgjevar

KII - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift